





Skjematisk framstilling av innkomne innspel til utkast til handelsføresegn med retningslinjer

	Tatt til etterretning	= Innspelet er inkludert i handelsføresegna
	Delvis tatt til etterretning	= Delar av innspelet er inkludert i handelsføresegna
	Ikkje tatt til etterretning	= Innspelet er ikkje inkludert i handelsføresegna
	Tatt til orientering	= Tatt til orientering

Tide AS, 18/7724-28

#	Innspel	Oppfølging
1.1	God plassering av skysstasjonen bidreg til å gjera det enklare for befolkninga å velja kollektivt. Som ledd i å fremja bruk av miljøvenleg transport og auka aktivitet i sentrum er det viktig at planane for lokalisering av handel ikkje påverkar plassering av bussanlegg negativt, i form av ekspropriasjon og omlokalisering. Dersom bussanlegget vert flytt ut av sentrumskjerna påverkar dette og inngrep i naturområde, og det vert meir tomkøyring til og frå anlegg – noko som og er uøkonomisk.	Tatt til orientering. Handelsføresegna legg vekt på at tilgjenge for gåande, syklende og reisande med kollektivtransport skal prioriterast i sentrumsområde. Ut over dette legg ikkje handelsføresegna føringar for lokalisering av skysstasjon.

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne, 18/7724-29

#	Innspel	Oppfølging
2.1	Det er viktig at universell utforming er teke i vare når ein ferdigstiller handelsføresegna. Det bør vere eit overordna mål som blir nemnd i føresegna.	Tatt til etterretning. Inkludert i målformuleringa, punkt 3.
2.2	I punkt nr 4 under mål, kan ein og nemne universell utforming som ein kvalitet som må vere på plass. Det er viktig at ein sikrar likeverd og inkludering for alle menneske i samfunnet.	Ikkje tatt til etterretning. Universell utforming er tatt med i målformuleringa under punkt 3.

Aurland kommune, 18/7724-30

#	Innspel	Oppfølging
3.1	Framlegget til handelsføresegn passar ikkje for situasjonen i vår kommune. Flåm er eit trafikknutepunkt, ein stasjonsstad, den største cruisehamna i Sogn og Fjordane med langt over ein million på gjennomreise i året. Flåmsbana har i underkant 1 million reisande i året og mange kjem til Flåm med tog, buss, båt og bil. I årets cruisesesong er det venta 162 anløp av større og mindre skip. Turistane kjem hit for å sjå og oppleve det fantastiske fjordlandskapet. Gudvangen er ein viktig mål for mange som kjem til kommunen vår. Gudvangen er start og sluttspunkt for turar på Nærøyfjorden, med båtanløp frå Flåm, Aurland og Kaupanger, og eit knutepunkt i turen «Norway in a nutshell».	Delvis tatt til etterretning. Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.
3.2	Reiselivet sin innverknad på handel må vera eige vurderingstema i kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing	Ikkje tatt til etterretning. Reiselivet sin innverknad på handelen går inn under særskilte tilhøve som skal vurderast i ei handelsanalyse, jf. punkt 2.1.

3.3	Flåm og Gudvangen må få ein særskild definisjon som ikkje stiller krav til omsetnad knytt til daglegvarehandel	Ikkje tatt til etterretning. Viser til punkt over.
3.4	Flåm må definerast slik at det ikkje vert lagt restriksjonar på areal til detaljhandel innanfor sentrumsområdet	Ikkje tatt til etterretning. Viser til punkt over.

Statens Vegvesen, 18/7724-31

#	Innspel	Oppfølging
4.1	Mål og strategiar - Mål Føringar i retningslinjene bør følgje av mål for føresegna, slik at det i ettertid kan vere mogleg å gjennomføre ei evaluering for å vurdere i kva grad målsetting er nådd. Dette gjeld m.a. trafikktryggleik under pkt. 2.3 Infrastruktur, og klimagass-reducerande tiltak under pkt. 2.5 Planprosess. Statens vegvesen meiner difor at det må definerast mål for trafiksikkerheit og reduksjon av klimagassutslepp i handelsføresegna.	Tatt til etterretning. Mål for trafiksikkerheit og reduksjon av klimagassutslepp er inkludert i handelsføresegna
4.2	Pkt. 1.2 Lokalisering og arealavgrensing for handelsetablering Under Tettstad by - Sogndal er ikkje Kaupanger nemnt. Vi meiner at handelsområdet på Kaupanger og må omfattast av føresegna, då det er mykje handel der i dag.	Delvis tatt til etterretning Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.
4.3	Vi saknar ein tydelegare definisjon på inndelinga i Nordfjord, og kva for rammer som gjeld for eit fjerdedels regionsenter.	Ikkje tatt til etterretning. Handelsføresegna legg strukturen frå regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur til grunn, jf. vedtak i fylkestinget sak 9/18.
4.4	Leikanger kommune har to sentrumsområde; Hermansverk og Leikanger. I føresegna ser det ut til at det er tettstaden Leikanger som er omtala, samtidig er Leikanger omtala som «Administrasjons-stad i Sogn og Fjordane». Administrasjonsstaden Leikanger omfattar både Hermansverk og Leikanger. Legg handelsføresegna opp til at det berre er ved tettstaden Leikanger det kan skje nyetablering og utviding av handel og ikkje ved Hermansverk? Handelsføresegna må vere klar på dette.	Tatt til etterretning. Vert tydeleggjort i handelsføresegna i tabell 1.
4.5	Pkt. 1.4 Særskilt om handelspark Statens vegvesen meiner at den regionale handelsføresegna skal vere styrande for den pågåande områdereguleringa og vidare utvikling av Brulandsvellingene. Vi gjentek elles vår uttale av 9.2.2015 til kommuneplanen for Førde når det gjeld Brulandsvellingene og området rundt: «Når det gjeld forslaget om arealbruk på Brulandsvellingene viser vi til at Førde kommune er ein sykkelby, og at kommunen m.a. i kommunedelplanen for trafikk har eit mål om at fleire skal sykle og gå i sentrumsområdet. Dette er også eit viktig mål i Førdepakken. Ut frå dette vil vidare utbygging av næringsareal på Brulandsvellingene vere svært uheldig, det vil bidra negativt inn mot	Tatt til orientering. Utkast til revidert arealdel til kommuneplan for Førde har vore på høyring og er venta vedtatt i løpet av september d.å. Der ligg utviding av næringsarealet på Brulandsvellingene inne.

	<p>eit mål om å auke sykkelbruken i Førde. Med bakgrunn i dette bør eit restriktivt alternativ for vidare utbygging verte vedteke.» «For å redusere dei negative verknadene er det svært viktig at ein i vidare planlegging følg opp krav om type handel og fortetting av eksisterande næringsareal. Om ein i områdeplanlegginga ikkje følg opp dette, kan det vere aktuelt å fremje motsegn til komande planforslag.»</p>	
4.6	<p>Pkt. 2.1 Handelsanalyse Under dette punktet er det lista opp kva vurderingar som skal inngå i ei handelsanalyse. I tillegg til desse punkta, må det leggest til eit punkt som gjeld transportanalyse. Transportanalysen skal omfatte m.a. vurdering av transportbehov, kollektiv, gange, sykkel og trafikktryggleik. Når det gjeld vurdering av transportbehov, skal dette omfatte både varelevering og kundane sine behov. Kva konsekvensar utbygginga fører til når det gjeld transportbehov, trafikkmengd, nødvendige tiltak for trafikk, trafikktryggleik, kollektiv, gåande og syklende må gå fram av analysen.</p>	<p>Tatt til etterretning. Innarbeida som punkt i 2.1 , i retningslinjer for handelsanalyse</p>
4.8	<p>Pkt. 2.3 Infrastruktur Fleire formuleringar under dette punktet nyttar «bør» og «bør vurdere». Dette gir veldig svake føringar, og det vert anbefalt å nytte meir tydeleg formulering.</p>	<p>Tatt til etterretning.</p>

Fylkesråd for eldre, 18/7724-34

#	Innspel	Oppfølging
5.1	<p>Fylkesråd for eldre vil spesielt peike på at om ein skal få til eit grønt skifte og få fleire til å gå, nytte sykkel og offentlege transportmidlar, må ein fokusere sterkt på det som er nemnt i folkehelsemeldinga m.v.</p>	<p>Tatt til orientering</p>
5.2	<p>Rådet meiner ein må intensivere bygging av gang- og sykkelveggar.</p>	<p>Delvis tatt til etterretning. Handelsføresegna set ikkje krav til bygging av gang- og sykkelveg. Retningslinjene punkt 2.3. gir føringar for å legge vekt på tilrettelegging for gåande og syklende.</p>
5.3	<p>Ved handelssentera må ein byggje sykkelparkering under tak. På denne måten legg ein godt til rette og stimulerer til meir bruk av sykkel.</p>	<p>Tatt til etterretning. Inkludert i punkt 2.3 under planløyising for gåande og syklende.</p>

Arco Vest AS, 18/7724-36

#	Innspel	Oppfølging
6.1	<p>Mål og strategiar Viktig at Handelsføresegna har som mål å legge til rette for at innbyggjarane i fylket finn konkurransedyktige butikkar og tilbod på linje med handelstilbod elles i landet.</p>	<p>Tatt til orientering</p>
6.2	<p>Lokalisering av handel Som hovudregel bør mindre handelsverksemder lokalisert innanfor sentrumsavgrensinga. Når det gjeld handelsverksemder med eit arealbehov på over 1000m² vil ei etablering, i dei fleste tilfelle, vere forringande og ikkje berikande for eit kompakt</p>	<p>Ikkje tatt til etterretning. Dette er ikkje foreinleg med målsetnader som ligg til grunn for handelsføresegna. Konsekvensutgreiinga gir heller ikkje grunnlag for å legge til rette for handelsparkar med omfattande arealkrav/</p>

	<p>sentrum. Dette på grunn av omfattende arealkrav/ infrastruktur, lange lukka fasadar og store mengder forureinande varetransport. Handelsføresegna bør derfor opne opp for at det i regionsentera kan etablerast eksterne storvareområder/ handelsparkar rett utanfor sentrumsområde.</p>	<p><i>infrastruktur, lange lukka fasadar og store mengder forureinande varetransport utanfor sentrumsområde. Det eksisterer mange variantar av handelskonsept, og uklåre definisjonar av kva som t.d. skal reknast som eit kjøpesenter. Dette er grunnen til at ein i revidert utkast til handelsføresegn har valt å gå vekk frå å definera kjøpesenter. Det vert heller fokusert på at det er andre faktorar som kan vera betre eigna for styring mot meir berekraftig by- og tettstadsutvikling, som god lokalisering av handelskonsept og tydelege føringar for utforming.</i></p>
6.3	<p>Definisjonar Dei store kjedebutikkane med stort vareutval, som har den største veksten i Norge, krev eit stort areal og dei blir gjerne lokalisert i større bygningar. Sortimentet i desse plasskrevjande butikkane er alltid i endring, i takt med forbrukartrendar. Det vil derfor vere vanskeleg for myndigheitene å avgrense kva sortiment desse butikkane, som gjerne er plassert i handels-parkar, skal ha. Der vil også vere vanskeleg å kontrollere om 80% av vareutvalet er i tråd med etableringsløyve. Fleire fylker vel derfor å avgrense plasskrevjande handel til butikkstorleik. Butikkar over 1000m² vil derfor vere ein betre definisjonen på plasskrevjande handel i vårt fylke.</p>	<p><i>ikkje tatt til etterretning, jf. punktet over.</i></p>

Sunnfjord Venstre, 18/7724 -37

#	Innspel	Oppfølging
7.1	<p>Målet om å redusere utbygging i landbruks-, natur og friluftsområde er spesielt viktig. Vi meiner dette målet kan supplerast med at ein i dei tilfella der ein må bygge på matjord må syte for at det vert dyrka opp og erstatta med tilsvarande areal av god kvalitet.</p>	<p>Tatt til etterretning. Inkludert i retningslinjer punkt 2.4, siste avsnitt.</p>
7.2	<p>Punkt 2.1 Handelsanalyse: Vi føreslår her eit nytt vurderingspunkt: - Vurdering av infrastruktur for transport, her under kollektiv-transport, tilrettelegging for gåande og syklande og parkering.</p>	<p>Tatt til etterretning. Lagt til under punkt 2.1. i retningslinjer for handelsanalyse.</p>
7.3	<p>Vi synest punkt 2.3 Infrastruktur inneheld gode mål, m.a. det som gjeld korte avstandar som reduserer behovet for transport, tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektiv-transport, universell utforming, samanhengande gang- og sykkelvegnett, samt parkeringsanlegg underjordisk og med tilrettelegging for ladepunkt. Vi meiner ein i dette punktet også bør nemne sykkelparkering med tak som eit tiltak.</p>	<p>Tatt til etterretning, under punkt 2.3.</p>
7.4	<p>Punkt 2.4 Utforming og estetikk: Vi føreslår eit tillegg her: «Legge til rette for sosiale møtestader og arenaer for torgaktivitet, leikeplassar og kultur i tettstader. Bruke kunst i offentlege rom til å utvikle staden, identiteten knytt til staden og for å få fram nye attraksjonar.»</p>	<p>Delvis tatt til etterretning i punkt 2.4</p>

Kaupanger Næringsforening, 18/7724 - 39

#	Innspel	Oppfølging
8.1	<p>Kaupanger er ein del av regionsenteret Sogndal, og komplimenter Sogndal sentrum også innan arealkrevjande handel. Denne utviklinga er viktig å ha med seg i revidering av regional planføresegn, eit utviklingstrekk vi meiner styrkar regionsenteret. Regionsenteret har eit ansvar for å legge til rette for regionale butikkar. Desse butikkane har heile Indre Sogn (8 kommunar) som nedslagsfelt, og for den arealkrevjande delen av marknaden komplimenterer og styrkar Kaupanger regionsenteret. Det er ei felles forståing at det er viktig å ivareta sentrumsfunksjonar og detaljhandel i sentrum, det er gråsona med arealkrevjande detaljhandel som må tydeleggjerast og tilpassast marknaden.</p> <p>Kaupanger viser seg attraktivt for etablering av arealkrevjande handel, og investorar ser ei kommersiell interesse av etablering i denne delen av regionsenteret. Vi meiner fordelane er større enn ulempene, og at ein må innlemme arealkrevjande detaljhandel i planane for Kaupanger.</p>	<p>Delvis tatt til etterretning.</p> <p>Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.</p>
8.2	<p>Eit konkret forslag til å definere dette kan vere at Kaupanger vert opna for bransjar som tradisjonelt har vorte vurdert som detaljhandel, men som bygger store butikkar og krev stort uteareal til parkering og varelogistikk. Dette kan vere etableringar som til dømes krev minimum 4 000 m2 tomt per leigetakar eller minimum 1 500 m2 BTA per leigetakar.</p>	<p>Ikkje tatt til etterretning, jf. punktet over.</p>

Eid og Selje kommunar (Stad kommune), 18/7724-41

#	Innspel	Oppfølging
9.1	<p>Vi merkar oss at utkast til handelsføresegn (med kunnskapsgrunnlag) tek utgangspunkt i gjeldande kommunestrukturar, som for fleire av noverande kommunar i fylket snart er historie, og vi meiner dette svekkar føresegna som styringsverktøy. Endringane i kommunestrukturen medfører at tidlegare kommune-senter og eksisterande bygder/lokalsenter vil få «nye» roller og funksjonar, og mange kommunar blir store i areal.</p>	<p>Tatt til orientering. Det er knytt usikkerheit til kva ev. nye roller og funksjonar eksisterande kommunesenter og bygder vil få.</p>
9.2	<p>Utfordringa ligg slik vi ser det i forbodet mot å etablere plasskrevjande handel i, i tilknytning til eller utanfor lokalsenter, som vi vil få fleire av mellom anna i Stad kommune. Etter vårt syn må det opnast opp for etablering av visse former for plasskrevjande handel i tilknytning til lokale handelsområde, som på mindre stadar ofte ligg i same område som anna næring.</p> <p>Utviklinga kan her eventuelt styrast gjennom senterstrukturplanar knytt til kommuneplanar og strategiar for stad- og næringsutvikling i kommune- og kommunedelplanar. Både miljø- og næringsomsyn talar for at det må vere høve til etablering og utviding av plasskrevjande handel ute i bygdene (lokalsenter).</p>	<p>Delvis tatt til etterretning.</p> <p>Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.</p>

Stryn kommune, 18/7724 – 48

#	Innspel	Oppfølging
10.1	<p>Meiner det er uklart i høyringsframlegget kva type handelsverksemd som skal lokalisert innanfor sentrumsavgrensinga:</p> <ul style="list-style-type: none">• I pkt. 1.3 Lokalisering av handel: <p>Vi oppfattar at sentrumsavgrensinga gjeld for etablering av detaljhandel, medan <i>handelsverksemd</i> etter vår oppfatning også kan gjelde handel med plasskrevjande varer. Vi vil difor tilrå at <i>handelsverksemd</i> vert bytta ut med <i>detaljhandel</i>.</p>	<p>Ikkje tatt til etterretning. Det er her meint all handelsverksemd, både detaljhandel og plasskrevjande handel.</p>
10.2	<ul style="list-style-type: none">• pkt. 2.4 Utforming og estetikk: <p>Dette er viktige kriterier for å legge til rette for attraktive og arealeffektive sentrum. Dette er etter vår oppfatning så viktige kriterer at dei bør sikrast gjennom juridisk bindande føresegner. Vi vil difor tilrå at føresegnene vert utvida med eit nytt punkt med følgjande ordlyd:</p> <p><i>I sentrum skal bygningar ha god arkitektonisk utforming med aktive, opne fasadar med publikumsretta verksemd i fyrste etasje</i></p>	<p>Ikkje tatt til etterretning. Handelsføresegna kan leggje føringar for arealbruk knytt til handelslokalisering, men kan ikkje leggja juridisk bindande føringar for utforming, jf. plan- og bygningslova §8-5, første ledd.</p>
10.3	<ul style="list-style-type: none">• I punkt 2.3 Infrastruktur: <p>Ordlyden bør bli meir tydeleg for å sikre eit sterkare fokus på effektiv og miljøvenleg infrastruktur. Vi vil difor tilrå følgjande endring av 1. og 2. avsnitt;</p> <ol style="list-style-type: none">a) Det <i>skal</i> leggast vekt på å finne løysingar som gir korte avstandar mellom bustadar, arbeidsplassar, handel og andre private og offentlege tenestetilbod og som reduserer behovet for transport.b) For plassering av handel i sentrumsområde, gjeld at tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport <i>skal tilleggast</i> større vekt enn dei køyrande.	<p>a) Tatt til etterretning</p> <p>b) Ikkje tatt til etterretning. Vi meiner det står det same, men med ei anna formulering: <i>For plassering av handel i sentrumsområde, gjeld at tilgjenge for gåande, syklande og reisande med kollektivtransport vert tillagt større vekt enn dei køyrande.</i></p>

Hordaland fylkeskommune, 18/7724 -56

#	Innspel	Oppfølging
11.1	<p>Fylkesutvalet meiner at det er lagt ned eit godt grunnarbeid i revideringa av handelsføresegna. Vi registrerar at det er mykje likskap i kunnskapsgrunnlaget som er utarbeidd og Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>
11.2	<p>Sogn og Fjordane fylkeskommune har valt ei anna form for sakshandsaming enn krav om samtykke som Hordaland fylkeskommune nyttar. Fylkesutvalet meiner at praktisering av dei ulike ordningane kan bli ei utfordring i utarbeidinga av ein</p>	<p>Tatt til etterretning.</p> <p>Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett</p>

	felles plan for Vestland fylkeskommune.	i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.
11.3	Fylkesutvalet rår til at revisjon av Regional handelsføresegn i Sogn og Fjordane vert utsett til eit felles planarbeid i det nye fylket.	Ikkje tatt til etterretning.

Vik kommune, 18/7724 - 23

#	Innspel	Oppfølging
12.1	Saka vert vurdert som kurant og har ikkje vore handsama politisk. Vi har ikkje merknad til saka.	Tatt til orientering.

Vågsøy kommune, 18/7724 - 50

#	Innspel	Oppfølging
13.1	Det bør i føresegna komme tydelegare fram moglegheitene for at det i same regionsenter (BAS område) kan regulerast inn fleire sentrumsområde.	Ikkje tatt til etterretning. Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.

Fylkesmannen i Vestland, 18/7724 - 53

#	Innspel	Oppfølging
14.1	Me meiner at det må vurderast kva konsekvensar frislepp i BAS-sentera kan ha å seia for handelen i Flora, Førde og Sogndal. Handelsanalysen viser at det er ikkje grunnlag for frislepp i alle BAS-senter. Her kjem det òg fram at utbygginga på Brulandsvellingene vil kunna føra til utarming av Førde sentrum. Vil forslaget vera med å utarma fleire av dei andre større	Ikkje tatt til etterretning. Handelsføresegna vil styrka lokalisering av handel innafor sentrum av BAS-tettstadane. Mellom BAS-tettstadane vil det i

	tettstadane? Me finn grunn til å stilla spørsmål ved om planføresegna legg opp til overetablering som det ikkje er grunnlag for? Kunde grunnlaget aukar ikkje.	større grad vera marknadsstyring som regulerer handelen.
14.2	Punkt 1.3 er uklar og gjev rom for tolkingar og opning for å gå utover rammene i handelsføresegna. «Som hovudregel skal all handelsverksemd lokalisrast...» må endrast til «All handelsverksemd skal lokalisrast...».	Tatt til etterretning.
14.3	Me konstaterer at punkt 1.4 om handelsetablering på Brulandsvellingene er ei vidareføring av føringa i gjeldande handelsføresegn. Handelsanalysen frå 2017 viste at ei etablering av storhandelspark truleg vil kunna ha store negative konsekvensar for utviklinga av Førde sentrum, og at etablering av handelspark på Brulandsvellingene ikkje er i samsvar med behovet og den potensielle marknaden for handel i regionen. Me viser til fråsegnene våre frå høyringa av gjeldande handelsføresegn.	Tatt til orientering. Utkast til revidert arealdel til kommuneplan for Førde har vore på høyring og er venta vedtatt i løpet av september d.å. Der ligg utviding av næringsarealet på Brulandsvellingene inne.
14.4	Både punkt 2.2 sentrumsavgrensing, punkt 2.3 infrastruktur og 2.4 utforming og estetikk inneheld fleire bør-formuleringar. Me rår til å innarbeida meir forpliktande føringar slik at ein unngår at regelverket vert utarma og omgått.	Tatt til etterretning.
14.5	Me ser det som viktig, og legg til grunn at handelsføresegna, vert følgt opp med motsegn frå fylkeskommunen, jf. punkt 1.1 i handelsføresegna, ved planforslag som er i strid med føringane her, slik at me får den sentrumsutviklinga i tettstadane våre som føresegna legg opp til, og slik at dei statlege planretningslinene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging vert følgde.	Tatt til orientering.

Førde kommune, 18/7724-57

#	Innspel	Oppfølging
15.1	Både kommuneplan og områdeplan for Indre Øyrane har opna for handel i delar av Indre Øyrane, og rådmannen er usikker på korleis ny handelsføresegn vil virke inn på desse planane.	Tatt til orientering. Revidert handelsføresegn vil vere gjeldande frå vedtaksdato, og for planar med vedtak etter denne dato. Det er ikkje tilbakeverkande kraft på reguleringsplanen. Men, vi viser òg til punkt 1.3. : <i>Dersom nytt eller samla bruksareal for handel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/ rammeløyve overstig 3000 m² vert det stilt krav om ei handelsanalyse som grunnlag for planlegging/ utbygging.</i>
15.2	I eksisterande område for handel med plasskrevjande varer er det føreslege i handelsføresegna at utviding berre kan tillatast dersom reguleringsplan med konsekvensutgreiing dokumenterer at tiltaket ikkje er i strid med nasjonale og regionale mål om jordvern, biologisk mangfald, klima, folkehelse, kulturhistoriske	Tatt til orientering. Vi viser til handelsføresegna, punkt 1.3, nest siste ledd: <i>Fylkeskommunen kan etter</i>

	verdiar og estetiske kvalitetar. Rådmanne tykkjer slike krav vil sikre dei overordna målsettingane, og betre vil det vere om utgreiinga i tillegg kan dokumentere at det kan sikrast direkte tilknytningar til sentrum med lett tilgjenge for bil, sykkel og gange. Rådmannen tolkar denne føresegna slik at dette gjeld berre ved utviding av handelsområde som utløyser krav om reguleringsplan, og ikkje utvidingar av eksisterande bygg innanfor regulerte område.	<i>søknad godkjenna nytt eller samla bruksareal for handel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve som overstig 3000 m², i samråd med fylkesmannen i Vestland. Handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, skal følgja søknad om godkjenning.</i> Det gjeld såleis òg for utviding av eksisterande bygg innafør regulerte område.
15.3	Det er krav om handelsanalyse dersom handel i reguleringsplan eller ved søknad om byggjeløyve/rammeløyve overstig 3000 m ² . Dersom kommunen har utarbeida overordna handelsanalyse som er tilstrekkeleg grunnlag for regional vurdering av det nye handelsarealet fell kravet vekk. Fylkeskommunen har tidlegare vore kritisk til dei handelsanalysane som er gjort i Førde, og rådmannen er difor usikker på om handelsføresegna med krav om handelsanalyse vil gjelde for Førde kommune.	Tatt til orientering. Viser punktet over.

Askvoll kommune, 18/7724-52

#	Innspel	Oppfølging
16.1	Nullalternativet for kommunesenter og lokale senter framstår som den einaste fornuftige tilnærminga i HAFS.	Ikkje tatt til etterretning. KU syner (kap. 3.7.) at dagens føresegn (nullalternativet) har negative konsekvensar for fleire tema. Gjeldande føresegn legg til rette for at det kan etablerast handel utanfor sentrumsområde. Dette er utfordrande ved at det gir rom for å bygge ned landskap og landbruksområde utanfor tettstadane/bygdene, og gir potensielt lange avstandar mellom bustad og handels-område. Ein konsekvens av dette er at handelsområde blir lite tilgjengelege for gåande/syklende og at det bidreg til meir transport og klimagassutslepp. Ved at føresegna opnar for litt handel i heile fylket, og ikkje har meir fokus på utvalde senter, får ein ikkje tilstrekkeleg kundegrunnlag til at næringslivet vel å investere i fylket. Dette kan hindre utvikling av attraktive funksjonar, arbeidsplassar og sentrumsutvikling generelt i eksisterande tettstadar. Kunnskapsgrunnlaget syner at denne type etablering av «satelittar» utanfor sentrum, både for detaljhandel og plasskrevjande varer med stort sannsyn vil utarme sentrum. Omgrep som er nytta i dagens føresegn opnar i stor grad for skjønnsvurderingar som for eksempel at handel for plasskrevjande varer skal lokalisrast i «nær tilknytning». Dette gir rom for ulike tolkingar og praksis i dei ulike kommunane.
16.2	Vi er svært negative til den formen for overstyring og finn ikkje at BAS-senter skal vere vesentleg i denne samanheng.	Tatt til orientering. Handelsføresegna legg strukturen frå regional strategi for tettstadutvikling og senterstruktur til grunn, jf.

		vedtak i fylkestinget sak 9/18.
16.3	Askvoll formannskap syner til saksutgreiinga og går sterkt i mot ei endring i bruksarealgrensene for etablering av detaljhandel. Formannskapet vil avvise krav om at 80 % av vareutval og omsetning skal være daglegvarer i definerte lokalsenter /bygder.	Tatt til orientering. Det kan søkast godkjenning for tiltak som går ut over råmene sett i handelsføresegna for særskilte tilhøve, jf. punkt 1.3 i handelsføresegna. Tiltak krev godkjenning frå fylkeskommunen i samråd med fylkesmannen i Vestland. Det blir kravd handelsanalyse, etter punkt 2.1 i retningslinjene, for å vurdere godkjenning av søknad.